

Til drosjesentralane

Dato: 26.03.2015  
Vår ref.: 2015/552-5  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Bruk av erstatningskøyretøy for drosje

I fylgje yrkestransportforskrifta § 48, tredje ledd har løyvehavar høve til å nytta erstatningsbil når særskilte vilkår er oppfylt:

*«Er løyvehavers ordinære vogn som følge av skade eller reparasjon ute av drift, kan løyvehaver i stedet sette inn en annen vogn som fyller kravene i første og annet ledd. Bestemmelsene i § 13 gjelder tilsvarende for slik vogn.»*

Vilkår for å nytta erstatningsbil er altså at den *ordinære* drosja er ute av drift på grunn av *skade eller reparasjon*. Samferdselsavdelinga har lagt til grunn at taksameter i den ordinære drosjebilen vert flytta over i erstatningsbilen, og at erstatningsbil såleis berre vert nytta ved lengre driftsstans. Det er vår praksis at dersom den ordinære drosja har driftsstans i meir enn 1 veke, skal samferdselsavdelinga ha melding om dette. Løyvehavar skal leggja fram stadfesting frå verkstad om stipulert lengde på driftsstansen. Løyvehavarar som har erstatningsbil, må kunne nytta reserveløyve som erstatningsbil ved kortare driftsstans.

Samferdselsavdelinga er kjent med at ein del løyvehavarar i Bergen køyreområde har etablert praksis med permanent erstatningsbil med eige taksameter. Me er vidare kjent med at erstatningsbilane er jamnleg i bruk og køyrer i staden for både ordinær drosje og reservedrosje, samt at erstatningsbil vert nytta ved andre høve enn driftsstans som fylgje av skade/reparasjon. Me ser at permanent erstatningsbil er etablert hjå løyvehavarar med reserveløyve, dvs. som allereie i utgangspunktet har ein viss storleik på drosjeverksemda, og som av økonomiske og/eller praktiske omsyn driv verksemda med fleire bilar enn løyve. Det verkar å vera ein utbreidd oppfatning både hjå løyvehavarar og sentralar at dette er kurant så lenge det ikkje er fleire bilar i drift samstundes enn det løyvehavar har løyve for. Dette er etter samferdselsavdelinga si tolking ikkje i tråd med gjeldande regelverk.

Spørsmålet er tatt opp med samferdselsdepartementet for å få deira tolking av regelverket. Departementet har svart i brev av 19.02.2015, sjå vedlegg. Konklusjonen er klar: *«Departementet legg til grunn at dersom vilkåra er til stades for å kunne bruke erstatningsvogn, vil det vere ein føresetnad at taksameter og taklykt med løyvenummer frå den ordinære drosja vert nytta»*.

Samferdselsavdelinga presiserer at erstatningsbil berre kan nyttast når den ordinære drosja er ute av drift på grunn av skade/reparasjon, og varslar med dette om at bruk av permanent erstatningsbil med eige taksameter ikkje vert akseptert, men er brot på regelverket som vil verta handsama som det.

Samferdselsavdelinga vil kontakta dei løyvehavarane me kjenner til som har permanent erstatningsbil og gje dei høve til å avvika praksisen. Samstundes bed me sentralane skjerpa rutinane sine for bruk av erstatningsbil og varsle sine løyvehavarar om presiseringa av regelverket.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Brev frå samferdselsdepartementet av 19.02.2015

Kopi: Justervesenet